

Til: Naboar, heimelshavarar og aktuelle offentlege instansar.

Dato: 18.03.2021
Vår ref: Øyvind Sødal

Kunngjering av planoppstart: Detaljreguleringsplan for OKB tomta, PlanID: 34350002, i Vågå kommune

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla om oppstart av reguleringsplanarbeid for eit nærare avgrensa areal ved Vågå Næringspark, Gards- og bruksnummer 22/182m. fl. i Vågå kommune.

Reguleringsplan

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Ein vedteke reguleringsplan fastsett framtidig arealbruk for området og er førande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Privat detaljreguleringsplan

Denne planen vert fremja som privat reguleringsplanforslag etter §§ 12-1 og 12-3. Privat grunneigar/tiltakshavar evt. m. fl. tar initiativ, avklarar dette med kommunen, og varslar oppstart av planarbeidet. Det blir henta inn innspel frå aktuelle instansar, og heimelshavarar som kan ventast å ha interesse i planarbeidet. Det blir så utarbeidd eit forslag til detaljreguleringsplan. Forslag til plan blir sendt kommunen, som tek over ansvaret for sakshandsaminga, med innhenting av merknader til planen og eventuelt krev endring av planen før den blir lagt fram for politisk vedtak.

Roller

Finnkanten eiendom AS er forslagsstillar og tiltakshavar.
Nordplan AS er konsulent for planarbeidet.

Planområdet

Planområdet er lokalisert i Vågå Næringspark i Vågåmo sentrum. Nærare om avgrensing av planområdet er gjeve i kartvedlegg. Planområdet er om lag 5,6 daa, og omfattar heile gards- og bruksnummer 22/182, samt delar av delar av eigedommane gards- og bruksnr 22/202, 22/169 og 22/152.

Dagens planstatus for området

Området er i dag regulert i Reguleringsplan for Vågåmo Aust, PlanID: 051519980001, vedteke 30.06.1998, med reguleringsendring av 09.06.2006. Den nye detaljreguleringa vil erstatte denne planen.

Planens hovudformål er teke inn i kommuneplanens arealdel, vedteke 09.08.2017.

Planen sitt formål

Formålet med planarbeidet er å regulere tomt 22/182 til kombinerte formål for bustad/næring/kontor, og å regulere inn adkomst til tomta frå industrivegen. Planen legg også til rette for tilkomst med gangveg til framtidig planlagd bru over Finna.

Oppstartsmøte med Vågå kommune, 12.02.2020

Oppstartsmøte vart halde med Vågå kommune 12.02.20.

Planforslaget vil i hovudsak samsvare med kommuneplanens arealdel med føresegner, men med mindre endring/justering for krav om berre kontor / næringsformål i 1. etg.

Forholdet til forskrift om konsekvensutgreiing

Det er gjort ein gjennomgang av om planen vil bli fanga opp av forskrift om konsekvensutgreiing.

Vurderinga er å finne i planinitiativet. Ein konkluderer med at planområdet er tidlegare konsekvensutgreia i gjeldande kommuneplan, og det vil derfor ikkje utløyse krav om KU. KU frå kommuneplan er vedlagt.

Oppstart

Oppstart vart annonsert i lokalavisa Fjuken torsdag 02. april 2020. Med dette ettersendast varsling til registrerte grunneigarar og festarar i planområdet, rørte offentlege organ og andre interesserte, jf. PBL § 12-8. Sjå også www.vaga.kommune.no og www.nordplan.no/kunngjeringar/.

Vidare saksgang og medverknad

Det er høve til å komme med innspel/merknader til varsel om planoppstart. Alle innkomne merknader vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Publikum og berørte partar har òg rett til å uttale seg om saka ved offentlig ettersyn. Når det er tid for offentlig ettersyn vil dette bli annonsert i same avis.

Frist for innsending av merknader:

Eventuelle innspel til planarbeidet kan sendast på e-post til os@nordplan.no. Spørsmål kan rettast til underteikna på telefon 96 79 79 90, eller på e-post.

Frist for innspel: **20.04.2021.**

Med helsing

for Nordplan AS
Øyvind Sødal

Vedlegg: 1 Varslingsliste

Vedlegg: 2 Planavgrensing (pdf- og sosi)

Vedlegg: 3 Planinitiativ med informasjon om gjeldande plan.

Vedlegg: 4 Referat frå oppstartsmøte 12.02.2020, med Vågå kommune

Vedlegg: 5 KU frå kommuneplan.

Høringsinstansar som er varsla:

Vågå kommune	postmottak@vaga.kommune.no
Innlandet fylkeskommune	Postboks 4404 Bedriftsenteret 2325 Hamar post@innlandetfylke.no
Statsforvalteren i Innlandet	Postboks 987 2604 Lillehammer sfinpost@statsforvalteren.no
Statens vegvesen Region øst	Postboks 1010 Nordre Ål 2605 Lillehammer firmapost@vegvesen.no
NVE Region Øst	Postboks 4223 2307 Hamar ro@nve.no
Mattilsynet Hedmark og Oppland	Postboks 383 2381 Brumunddal postmottak@mattilsynet.no
Eidefoss nettavdeling	Firmapost.nett@eidefoss.no

Grunneigarar og heimelshavarar:

Ragnhild Jøndal Bjærtnes	Vågåvegen 23, 2680 VÅGÅ
Jenny Olaug Øygarden	Nuggevegen 13, 2680 VÅGÅ
Kari Margot Odnes	Øyavegen 12, 2680 VÅGÅ
Andreas Barhaugen	Øyavegen 12, 2680 VÅGÅ
Ivar Aukrusttrædet	Øyavegen 11, 2680 VÅGÅ
EA Smith AS	Postboks 9410 Torgarden, 7493 TRONDHEIM
Ottadalen Mølle SA	Bergomsvegen 49, 2686 LOM
Proel AS	Industrivegen 31, 2680 VÅGÅ